



Grappa frå Den Tsjekkiske Republikk velberga nede att ved bussen som var parkert ved SPAR. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**At tsjekkarane er naturglade folk som likar den norske fjell-naturen veit vi fra før. Vi har sett dei både på Galdhøpiggen og i rafte-elva Sjoa.**

**Måndag vart inntrykket av at dei er tøffingar befestet då 17 frå Den Tsjekkiske Republikk utan spesielle problem tok seg til toppen av Englafjell (1.200 meter over havet) og ned att - på sju timar.**

**Det var ganske mange regnskurar, men det skremte ikkje tsjekkarane det minste.**

- Men vi hadde mange stopp undervegs, understreka guide Jaroslav Rotrekl.

Eigentleg er dette ei bussgruppe på 43, men dei andre er på vandring over Hardangervidda med overnatting i telt. Opphaldet i Noreg strekk seg over 10 dagar og overnattingsmålet måndag kveld er Røldal, som dei også kom frå.

Med bestigninga av Englafjell etablerte grappa faktisk også ein god tradisjon, for 40 år sidan hadde det same reiseselskapet ei gruppe på Englafjell for nøyaktig to år sidan.

Men kvifor så Uskedalen og kvifor Englafjell? Svaret er at det føreligg to tjukke guide-bøker med fyldig presentasjon av norske fjell på tsjekkisk der rutene både til Englafjell og Ulvanåso har fått ein fyldig og detaljert omtale. Englafjell har også grundige kartriss av vegen til topps.

Val av Ulvanåso framfor Englafjell vil ta for lang tid, meiner tsjekkarane.

Dei 17 kom frå alla kanter av republikken, men reiseselskapet som heiter Kudrna har basen sin i Brno.

Dette selskapet har tydelegvis spesialisert seg på opplegg for litt tøffe og ikkje spesielt kravstore deltakarar. Overnattinga skjer på campingplassar og i telt.

Grappa er også innom Sverige før tsjekkarane dreg heimatt fulle av inntrykk frå den norske fjellheimen.

Av Ola Matti Mathisen



Tsjekkisk buss - ein sjeldan gjest i Uskedalen. (Foto: Ola Matti Mathisen)